



Møtebok for Kommunestyret

Møtedato: 15.02.2018
Møtestad: Konferansesalen
Møtetid: 09:00 - 12:00

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik vil i møtet presentere nedskalert revidert skisseprosjekt med nye kostnads kalkyler frå HRTB

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Frank Stian Steinsland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Sigmund Vikane	SO	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Linda Neset	SO	Medlem	Meldt forfall
Robert Helland	SO	Medlem	Meldt forfall
Svanhild Moberg Nordaas	SA	Medlem	Meldt forfall
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Varamedlem	Vara for Robert Helland
Nina Bolstad Eidsnes	SA	Varamedlem	Vara for Svanhild M Nordaas
Trude Langedal	SA	Varamedlem	Vara for Roger W Fure

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2018	Godkjenning av møtebok
003/2018	Orienteringssaker
004/2018	Forankring - prosjekt ACT-/FACT-team.
005/2018	Forslag til omorganisering av IKT Nordhordland
006/2018	Tilknytning av fritidsbolig/hytter til eksisterende fibernett i Modalen

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE - 033, TI - &17	18/3

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/2018	Kommunestyret	PS	15.02.2018

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 001/2018

KS - behandling:

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE - 033, TI - &17	18/3

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/2018	Kommunestyret	PS	15.02.2018

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 002/2018

KS - behandling:

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 14.12.2017

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE - 033, TI - &17	18/3

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2018	Kommunestyret	PS	15.02.2018

Orienteringssaker

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
003/2018.1	Folkehelseoversikt - Modalen kommune 2017.

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 003/2018

KS - behandling:

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om nedskalert skisseprosjekt for nytt Nærings- og tenestesenter frå arkitektfirmaet HRTB, med ny kostnadskalkyle på 47,4 mill kr. Rådmannen orienterte kort om at dei årlege kostnadane for å finansiere eit lån på 40 mill vil vere om lag 2,2 mill årleg med ei nedbetalingstid på 40 år. Dei årlege kostnadane vil etterkvart synke noko etterkvart som lånet vert gradvis nedbetalt. Desse kostnadane må finansierast gjennom driftsbudsjettet. Ordførar informerte om prosessen vidare, der ein legg opp til politisk handsaming av saka i Formannskapet 10. april og i Kommunestyret 26. april. Administrasjonen utarbeider saksgrunnlag i henhold til denne tidsplanen. I denne samanhengen ba kommunestyret administrasjonen belyse følgjande spørsmål i saksgrunnlaget:

Håvard Engeseth: Korleis kan ein spare inn på drifta for å finansiere dei årlege lånekostnadane? Kva vil det gå på bekostning av?

Sigmund Vikane: Kan ein bruke rimelegare materiale? Kva er ekstrakostnadane ved å bruke massivt tre kontra ordinær byggjemåte? Kan ein spare noko på å ha mindre bruk av vindauge i fasaden?

Håvard Engeseth: Kva er potensialet for inntekter på utleigedelen av kontorlokale til næringsvirksomhet? Kor mykje ledige næringslokale finnes det i Modalen kommune pr i dag?

Kjetil Eikefet orienterte om kommunen si deltaking i DIHVA, som er eit interkommunalt selskap med 33 medlemskommunar, der 29 av dei er frå Hordaland og 4 frå Rogaland. Det er dei 29 kommunane

frå Hordaland som eig selskapet. Selskapet sitt føremål er å vere eit kompetansesenter for vatn- og avløpstenester i kommunane og kan tilby tenester innafor tema som driftsassistanse, kvalitetssikring, analyse, planlegging, rådgjeving, opplæring og informasjonsvirksomhet. Medlemskapet kostar kommunane årleg 12300 kr pr kommune pluss 2,11 kr pr innbyggjar.

Kjetil Eikefet stilte spørsmål til ordføraren om kvifor brøtetilskotet til Fjellstølen og Kvanndalen velforening var redusert frå 25000 kr til 15000 kr. Ordførar orienterte om at det har kome inn fleire søknadar om brøtetilskot i år enn tidlegare, og at det i budsjettet for 2017 var sett av tilsaman 25000 kr til brøytetilskot. Han fortalte vidare at det er planlagt eit møte mellom kommunen og hytteeigarlaget i neste veke, der ein vil diskutere ein evt framtidig forutsigbar avtale. Rådmannen orienterte om at hytteeigarlaget i etterkant har fått innvilga 15000 kr meir i brøtetilskot frå 2018 budsjettet, slik at dei tilsaman har fått 25000 kr denne vinteren.

Liv Anne Aanensen orienterte om status frå representantskapet i NGIR. Etter konkursen til Reno Norden i august 2017 har NGIR sjølv stått for avfallsinnhenting gjennom bruk av midlertidige kontrakter, noko ein kan gjere i inntill eit år. Innan hausten 2018 må ein ta stilling til om ein skal lyse avfallsinnhentinga ut på nytt anbod eller om ein permanent skal stå for det sjølv slik som ein har gjort midlertidig frå august 2017. Styret i NGIR ynskjer at det er dei og ikkje representantskapet som skal fatte denne beslutninga, men representantskapet kan overprøve styret sitt vedtak.

Kristin Nåmdal stilte spørsmål om kva som var tema på Utkantkonferansen på Frekhaug, som både Modalen og Masfjorden var med på å arrangere. Utkantkonferansen handla om helseberedskap, legererkruttering i distrikta og legevaktordning. Presentasjonane frå konferansen finn ein på NUI si heimeside: www.nordhordland.net/utkantkonferansen. Ordførar orienterte kort om presentasjonane og innhaldet i foredraga.

KS - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Vedlegg:

Folkehelseoversikt Modalen kommune 2017

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE - 026	18/28

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/2018	Formannskapet	PS	29.01.2018
004/2018	Kommunestyret	PS	15.02.2018

Forankring - prosjekt ACT-/FACT-team.

Forslag til vedtak:

Modalen kommune stiller seg bak prosjektsøknad om etablering av tverrfagleg ambulant /oppsøkande samhandlingsteam (etter ACT-/FACT-modell) saman med dei øvrige nordhordlandskommunane. Årleg kostnad for Modalen kommune er foreløpig budsjettert til kr. 65 000,-. Prosjektperioden er 3-årig.

Saksopplysningar:

Føremål

Etablere eit nytt samhandlingsteam som skal gje tilbud til kommunane i Region Nordhordland. Dette prosjektet omfattar 8 av 9 kommunar i regionen med eit folketal på ca. 37 000 innbyggjarar. Bjørgvin DPD har ansvar for heile denne regionen i tillegg til bydelane Åsane og Arna i Bergen kommune.

80 % av innbyggjarane bur i dei 3 største kommunane som slår seg saman. Alle innbyggjarane her kan nåast med bil innan max. 40 min. frå regionsenteret kor DPS også er lokalisert.

20 % av innbyggjarane bur i dei øvrige 5 kommunane i ei randsone nord for den nye storkommunen. Her er geografien litt meir utfordrande med ferjer (3 ulike strekninger) og meir spredt busetnad over eit større areal. I denne delen av regionen vil ein nytta frå 40 - 120 minutt (inkl. ferje) å nå innbygarane frå regionsenteret.

Målgruppe

Menneske med alvorleg psykisk lidning og/eller ruslidning med samansette behov for tenester frå både kommune og DPS. Kommunane rapporterer samla om ca. 90 potensielle brukarar. Av desse har i dag ca. 40 personar tilbud ved Bjørgvin DPS. DPS har i Nordhordland og Gulen i dag ca. 70 pasientar med psykosediagnose og av desse følgjer DPS opp 16 brukarar som har vedtak om tvunge psykisk helsevern (inkludert 2 personar med dom til tvunge psykisk helsevern). I tillegg følgjer DPS opp andre personar med andre alvorlege psykiske lidningar og rusvanskar, fleire med ROP-forløp.

Det vert tilsett sosialfagleg, helsefagleg, psykolog, medisinsk fagleg / psykiater, erafriingskonsulent m.m. i tiltaket.

Bakgrunn

Kommunane i Region Nordhordland har gjennom arbeid med "Plan for interkommunalt samarbeid innan helse og omsorgstenesta" i regionen kartlagt og vurdert behov for interkommunalt samarbeid for å løysa framtidige oppgåver og utfordringar.

Tiltaket inngår i kommunane og Helse Bergen sine vedtekne planar om å gje mest mogeleg heilskaplege og integrerte tenester for menneske med alvorlege rus- og psykiske lidingar og samansatte hjelpebehov. Det inngår også i ein strategi i Helse Bergen om å redusera og kvalitetssikra bruk av tvunge psykisk helsevern ved å etablere tenester som arbeider mest mogeleg på brukarane sine premissar og gjev tett og intensiv oppfølging i kritiske fasar.

Samhandlingsteamet vil bestå av medarbeidarar som i dag er tilsette i Bjørgvin DPS og i kommunane, i tillegg til nytilsettinger.

Samhandling med andre aktørar.

Samhandlingsteamet skal jobbe nært opp til eksisterande helsetenester både på spesialist- og kommunalt nivå. På kommunalt nivå vil det vera tenester for psykisk helse og rus, ploms, fastlegar, legevakt, NAV m.m. På spesialistsida vil det vera det etablerte polikliniske/ambulante tilbodet i DPS, sengepostar ved DPS og sjukehus. Familie og nettverk til brukarane er også viktige aktørar i dette arbeidet.

Målsetting

Styrka tilbodet til menneske med langvarige og samansette tenestebehov gjennom å etablere heilskaplege, samtidige og verksomme tenester frå ulike nivå og sektorar.

Vurdering

Rådmannen rår til at Modalen kommune tek del i prosjektet.

Konklusjon

Tiltaket vil vere eit viktig steg for å styrkje tenestene til menneske med alvorlege psykisk lidning og/eller ruslidning i Modalen.

Formannskapet - 005/2018

FOR - behandling:

Ass. rådmann Ove Sæbø orientert kort om prosjektsøknaden og kva kommunar som er med i prosjektet. Intensjonen med arbeidet er å ha eit døgnkontinuerleg beredskapstilbod for menneske med alvorleg psykisk lidning og/eller ruslidning.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FOR - vedtak:

Modalen kommune stiller seg bak prosjektsøknad om etablering av tverrfagleg ambulant /oppsøkande samhandlingsteam (etter ACT-/FACT-modell) saman med dei øvrige nordhordlandskommunane. Årleg kostnad for Modalen kommune er foreløpig budsjettert til kr. 65 000,-. Prosjektperioden er 3-årig.

Kommunestyret - 004/2018

KS - behandling:

Assisterende rådmann Ove Sæbø orienterte kort om bakgrunn og innhold i prosjektet.
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Modalen kommune stiller seg bak prosjektsøknad om etablering av tverrfagleg ambulant /oppsøkande samhandlingsteam (etter ACT-/FACT-modell) saman med dei øvrige nordhordlandskommunane. Årleg kostnad for Modalen kommune er foreløpig budsjettert til kr. 65 000,-. Prosjektperioden er 3-årig.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE - 026	18/48

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/2018	Kommunestyret	PS	15.02.2018

Forslag til omorganisering av IKT Nordhordland

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek omorganisering av IKT Nordhordland til § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit felles styre og dei nye vedtektene som er vedlagt saka.

Modalen kommune vedtek oppstart av konseptfase som skal utgreie spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte prosjektmandat.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

IKT Nordhordland er leverandør av IKT tenester til kommunane Lindås, Osterøy, Modalen, Vaksdal, Meland, Radøy, Austrheim, Fedje og Masfjorden. IKT Nordhordland vart etablert i 2011 gjennom ein samarbeidsavtale der eininga vart organisert som eit § 28 vertskommunesamarbeid. Osterøy kommune er vertskommunen.

Samarbeidet har bidratt til gode og effektive IKT tenester i regionen og samarbeidande kommunar nyter gode og effektive tenester av høg kvalitet.

Krav til digitalisering og utvikling set nye krav til organisering og utvikling av IKT området. Dette medfører at Nordhordland må revurdere dagens organisering av IKT området. I tillegg har andre kommunar meldt si interesse for å delta i samarbeidet til Nordhordland.

På bakgrunn av dette vert det naudsynt å ta stilling til to hovudspørsmål:

1. Dagens vertskommunemodell oppfyller ikkje krava til eigenregi i forvaltning av IKT tenestene på vegne av andre kommunar i eit samarbeid. Dette medfører at det er naudsynt med endring i vertskommune modellen. Ei slik endring vil vera viktig del av den formelle styringsmodellen for samarbeidet, med eller utan utviding av samarbeidet med fleire

- kommunar.
2. Opptak av nye samarbeidande kommunar i IKT samarbeidet.

Vurdering

Organisering av samarbeidet på IKT området

For å møte framtidige utfordringar foreslår ein å omorganisere samarbeidet etter kommunelova § 27. Denne ordninga oppfyller lov om offentlege anskaffingar sine krav til unntak for eigenregi. Eigenregi, som legg til grunn at deltakande kommunar har styring over organiseringa i samarbeidet, er ein føresetnad for å vera i samsvar med reglane for offentlege anskaffingar.

Loven stiller krav til at det skal være vedtekter for det interkommunale styret. Minimumskrava til kva vedtektene skal ha som føresegn er:

- a. Styrets samansetning og korleis det vert utpeika
- b. Området for styrets verksemd
- c. Om deltakarkommunane skal gjera innskot til verksemda
- d. Om styret har myndigheit til å ta opp lån eller på annan måte pådra deltakarane økonomiske forpliktingar
- e. Tre ut frå eller oppløysning av samarbeidet

Det er ikkje noko i vegen for at ein fylkeskommune eller kommune kan tiltre eit eksisterande § 27 samarbeid, men dei deltakande kommunane må akseptere det gjennom å endre vedtektene.

I eit interkommunalt styre må alle deltakande kommunar og fylkeskommunar vere representert. Styret si samansetning vil bestå av Rådmennene i kvar kommune. Utan ein slik representasjon ville ein i realiteten ha overdratt vedtak- og styringsmyndigheten til dei andre deltakarane. Når mange deltar i samarbeidet, vil styret kunne verta uhensiktsmessig stort. Det kan difor vere hensiktsmessig at Styret fungerer som eit Representantskap og kan ha eit mindre organ under seg som kan fungere som eit styre. Det høgaste organ vil framleis vera Representantskapet (styret etter reglane i KommuneLOVA § 27).

Orientering om moglegheit for å utvide samarbeidet

IKTNH har motteke interesse frå fleire kommunar i Hordaland om å delta i IKT samarbeidet til Nordhordland. Med bakgrunn i dei satsingane som no kjem i kommunesektoren, vil mange av kommunane ha ei stor utfordring med kompetanse, kapasitet og økonomi til å henge med på den utviklinga som skjer. I dette skjeringspunktet vil IKTNH kunne tilfredsstille behova som dei interesserte kommunane har til IKT-driftstenester og -tenester, men som dei sjølv ikkje vil ha kapasitet til å drifte og utvikle. For desse kommunane vil eit samarbeid med Nordhordland regionen på IKT vera særskilt aktuelt.

Det representerer ei stor moglegheit for Nordhordland og byggje verdi på dei investeringane som er gjort på IKT infrastruktur. Samtidig vil Regionen markere seg som ein sentral og viktig part i vidareutviklinga for IKT i Hordaland. Dette er også støtta av Fylkesmannen som ynskjer økt grad av

samarbeid, slik at kommunar som ikkje har evne til å utvikla seg får eit IKT fagleg løft.

Organisering av IKTNH som eit §27 selskap legg til rette for ei utviding av samarbeidet om det skulle vere ønskjeleg frå kommunane i Nordhordland.

Ei konseptfase vil avklare grunnlaget for ei utviding av IKT samarbeidet med fleire kommunar. Resultatet av konseptfasen vil verta framlagt regionrådet for eit vedtak om eventuelt å gå vidare med eit planleggingsprosjekt. Eit planleggingsprosjekt vil danne grunnlaget for ei utgreiing om eit endeleg vedtak om utviding av samarbeidet. Denne utgreiinga med forslag til vedtak vert framlagt kommunestyrene i Nordhordland for endelege vedtak.

Kommunestyret - 005/2018

KS - behandling:

Ordfører og rådmann orienterte om innhaldet i saksgrunnlaget og bakgrunnen for at saka no kjem opp til politisk handsaming.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Modalen kommune vedtek omorganisering av IKT Nordhordland til § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit felles styre og dei nye vedtektene som er vedlagt saka.

Modalen kommune vedtek oppstart av konseptfase som skal utgreie spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte prosjektmandat.

Vedlegg:

Mandat for konseptfase - IKT Nordhordland utviding av samarbeidet

Protokoll Regionrådet 1-2018, 31. januar

Vedtekter - IKT Nordhordland - endring til paragraf 27

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FA - L64	15/97

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/2018	Formannskapet	PS	29.01.2018
006/2018	Kommunestyret	PS	15.02.2018

Tilknytning av fritidsbolig/hytter til eksisterande fibernett i Modalen

Forslag til vedtak:

Modalen kommunestyre vedtek at fritidsboligar og hytter kan kople seg til eksisterande infrastruktur for fiberframføring i Modalen på følgjande vilkår:

Eigar av fritidsbolig/hytter må sjølv dekke alle kostnadar med framføring og påkopling av fiber og tenestetilbod til sin eigedom frå eksisterande fibernett.

Framføring og påkopling av fiber til eigedomane skal utførast av autorisert firma(BKK).

Eigar av fritidsbolig/hytter må sjølv dekke alle kostnadar ved evt framtidige reparasjonar og/eller utbetringar av fiberkabelen mellom tilkoplingspunktet frå eksisterande fibernett og eigen bustad.

Eigarar av fritidsbustader/hytter dekker tilkoplingskostnaden i forhold til fiberportar. Tilkoplingskostnaden er berekna til omtrent 1000 kroner på eksisterande anlegg.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Modalen kommunestyre vedtok den 18.06.09(Ksak 025/09) å byggje ut fibernett i Modalen kommune, der mellom anna desse føresetnadane vedteke frå Ksak 001/09 vart lagt til grunn:

«Kommunestyret vedtek å iverksetje eit prosjekt for å avvikle eksisterande radiobaserte internettløyning for private husstandar, og erstatte dette med breiband basert på fiberoptisk kabel. Både stamnett og spreienett skal inntil vidare vere i kommunal eige og drift.

Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å lyse ut arbeidet på anbod og til å gjennomføre

prosjektet der følgjande føresetnader vert lagt til grunn:

- Private hus frå Grønhaug til Straume skal få tilbod om framføring og tilknytning til fiber med kommunal distribusjon av Internett. Huseigarar som takkar nei til å få delta i fiberutbygginga må ved seinare høve koste påkopling sjølv.
- I private hus som har to bueiningar(hybel/leilighet) kan det installerast to koplingspunkt for fiber føresett at hybel/leilighet dei siste to åra har vore nytta til fast utleige for anna hushald.
- Alle kommunale hus skal tilknyttast fiber med antal koplingspunkt tilsvarande talet på bueiningar i husa. Kommunal barnehage og andre kommunale bygg skal tilknyttast fibernettet.
- **Hytter og bustadhus, som vert nytta som fritidsbustad eller ikkje er utleigd til fastbuande, vert ikkje omfatta av denne ordninga/utbygginga.**
- Bedrifter som ikkje har fibertilknytning i dag skal få tilbod om å få dette lagt inn.»

Vurdering

I samsvar med kulepunkt fire ovanfor har hytter og bustadhus, som vert nytta som fritidsbolig eller ikkje er utleigd til fastbuande, ikkje fått høve til å kople seg til fibernettet. Nye bustader som er bygd i ettertid har fått kople seg til fibernettet på vilkår sett av kommunestyret, der kommunen dekkjer inntil 15000 kr for framføring av fiber per bustadeining.

Eigarar av hytter og fritidshus har sidan utbygginga fann stad teke kontakt med kommunen for å få løyve til å kople seg til fiberen. Ønskje om dette vart og forsterka ved Telenor si omlegging av fasttelefonen til mobil eller IP-telefon, då ein del opplevde å miste sin analoge telefon.

BKK har i samråd med kommunen sett nærare på fortetning av fibernettet gjennom fiberframføring til fritidsbustader frå Mo til Øvre Helland. Det er utført kartlegging av eksisterande nett, og funne ledig kapasitet i dette nettet mellom Mo sentrum og Øvre Helland til minst 25 bustadar. Det er såleis ledige fibre som gjer det mogleg å kople til rundt 25 fritidsboliger/hytter. For kvar husstand vil det påløpe kostnader til skjøting gjennom nettet fram til kundepunktene, samt etablering av fiber i kvar bustad med tilhøyrande elektronikk. Etablert prosedyre mellom BKK og Modalen kommune for nye kundar kan følgjast og for eigarar av fritidsbolig og hytter.

Kostnader ved eit eventuelt framtidig behov for utviding av kapasiteten er knytta til utskifting og/eller supplering av utstyr med fleire porter, og vil koste om lag kr 1000 pr port. Slikt utstyr vert levert med til dømes 24 og 48 porter. Kostnader til arbeid og montering kjem i tillegg. Det vil såleis vere begrensa kostnader ved å utvide kapasiteten utover dei ca 25 ledige plassane.

Konklusjon

Det vert tilrådd å opne opp for at eigarar av fritidsboligar og hytter får kople seg til fibernettet på vilkåra i framlegget til vedtak. Informasjon om ordninga vert lagt ut på kommunen si heimeside.

Formannskapet - 007/2018

FOR - behandling:

Rådmannen orienterte kort om saksgrunnlaget og innholdet i framlegg til vedtak. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Modalen kommunestyre vedtek at fritidsboligar og hytter kan kople seg til eksisterande infrastruktur for fiberframføring i Modalen på følgjande vilkår:

Eigar av fritidsbolig/hytter må sjølv dekke alle kostnadar med framføring og påkopling av fiber og tenestetilbod til sin eigedom frå eksisterande fibernett.

Framføring og påkopling av fiber til eigedomane skal utførast av autorisert firma(BKK).

Eigar av fritidsbolig/hytter må sjølv dekke alle kostnadar ved evt framtidige reparasjonar og/eller utbetringar av fiberkabelen mellom tilkoplingspunktet frå eksisterande fibernett og eigen bustad.

Kommunestyret - 006/2018

KS - behandling:

Ordførar og rådmann orienterte kort om bakgrunnen for at saka no kjem opp til politisk handsaming på nytt, med framlegg om å opne opp for tilknytning av fritidsbolig og hytter til eksisterande fibernett i Modalen.

Liv Anne Aanensen stilte spørsmål om status for Hyttefeltet på Nygård, og om det er slik at næraste kommunale påkoplingspunkt er Øvre Helland? Ordførar orienterte om det er sendt forespurnad til BKK om det er fiber tilgjengeleg på deira anlegg på Nygård, som er mogleg for andre å kople seg på. Ordførar har foreløpig ikkje fått tilbakemelding frå BKK på dette spørsmålet, men vil gje kommunestyret orientering om dette når ein har fått svar.

Håvard Engeseth stilte spørsmål ved om ein burde leggje til ei kommunal tilkoplingsavgift på 1000 - 1500 kr for å dekke utgifter kommunen har til fiberportar for nye abonnentar.

Ann Jorunn Farestveit fremma forslag om tilleggspunkt til rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Eigarar av fritidsbustader/hytter dekker tilkoplingskostnaden i forhold til fiberportar.

Tilkoplingskostnaden er berekna til omtrent 1000 kroner på eksisterande anlegg."

Det vart avhalde gruppemøte før votering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster(Kristin Nåmdal, Kjetil Eikefet, Liv Anne Aanensen, Anne Britt Almelid, Nina Bolstad Eidsnes og Trude Langedal.

Ann Jorunn Farestveit sitt framlegg til tilleggspunkt til vedtak fekk 6 røyster(Håvard Engeseth, Ann Jorunn Farestveit, Frank Stian Steinsland, Sigmund Vikane, Ole Kristian Øvre Helland og Tom Kristian Thorsen. Ordfører Tom Kristian Thorsen brukte då si dobbeltstemme, slik at dette framlegget vart vedteke med 7 røyster, mot 6 røyster for rådmannen sitt framlegg

KS - vedtak:

Modalen kommunestyre vedtek at fritidsboligar og hytter kan kople seg til eksisterande infrastruktur for fiberframføring i Modalen på følgjande vilkår:

Eigar av fritidsbolig/hytter må sjølv dekke alle kostnadar med framføring og påkopling av fiber og tenestetilbod til sin eigedom frå eksisterande fibernett. Eigarar av fritidsbustader/hytter dekker tilkoplingskostnaden i forhold til fiberportar. Tilkoplingskostnaden er berekna til omtrent 1000 kroner på eksisterande anlegg.

Framføring og påkopling av fiber til eigedomane skal utførast av autorisert firma(BKK).

Eigar av fritidsbolig/hytter må sjølv dekke alle kostnadar ved evt framtidige reparasjonar og/eller utbetringar av fiberkabelen mellom tilkoplingspunktet frå eksisterande fibernett og eigen bustad.